

Fra: Tor Hegle
Sendt: 25. juni 2014 19:00
Til: 'Kjell Asbjørn Helland'
Emne: SV: Svar på førespurnad om møte. Reklamehuset Eiendomsselskap ANS.

Kjell-A. Helland

Eg takkar for Dykkar tilbakemelding og ber om orsaking for feilen i brevet av 20.06.14., som er sendt til Dykk.

Innhaldet i brevet skulle vere følgjande:

Vi takkar for Dykkar førespurnad av 23.05.14., der De ber om møte vedkommande Reklamehuset Egedomsselskap ANS.

Av dei dokumenta som er vedlagt førespurnaden, forstår vi at Advokat Melbye i brev av 02.05.14., har retta krav til Reklamehuset om å fjerne vegtilkomst og kloakkleidning som er lagt fram til Reklamehuset sin eigedom på Gbnr 188/633.

Vi forstår det slik at Advokat Melbye meiner at makeskifteavtale av 15.05.02, som vi forstår regulerer det privatrettslege forholdet mellom desse to partane, ikkje gir Reklamehuset rett til at vegtilkomst og kloakkleidning kan leggest over Foss sin eigedom på Gbnr. 188/346, slik det ligg i dag.

Lindås kommune vurderer at forholdet gjeld usemje mellom partane om forståing av den private makeskifteavtalen.

Dette vert vurdert som eit privatrettsleg forhold mellom partane, som må løysast av domstolane eventuelt gjennom minnelege ordningar mellom dei to partane. Dersom utfallet av tvisten mellom partane inneber at det skal utføres tiltak som er søknadspliktige vert det å behandle på vanleg måte etter plan og bygningslovas reglar.

På bakgrunn av vår forståing, ynskjer ikkje Lindås kommune dessverre ikkje å ha møte om dette forholdet. Dersom det er behov for teknisk informasjon frå kommunen kan dette hentast frå teknisk avdeling på vanleg måte.



Med helsing
Tor Hegle, Einingsleiar
Areal- og miljøeininga, Lindås kommune.

Vurdér verknaden for miljøet før utskrift. Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet. E-post jobb: postmottak@Lindas.kommune.no. Postadresse: Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø. Møteadresse: Lindås Rådhus, Kvernhusmyrane 41. Tel. + 47 56375642. Mob.: + 47 95968182.

Fra: Kjell Asbjørn Helland [<mailto:kah@advokatfellesskapet.com>]
Sendt: 24. juni 2014 13:06
Til: Tor Hegle
Emne: SV: Svar på førespurnad om møte. Reklamehuset Eiendomsselskap ANS.

Tor Hegle.

Takk for god intensjon, men se på brevet ditt en gang til. Du mente vel å gi det et innhold.

Nå sliter min klient litt rent psykisk. Ut fra tidligere erfaringer vet man aldri hva Bjarne Foss kan være troende til å gjøre.

Jeg håper derfor på at vi kan ha kommunen som støtte om den nevnte vei skulle bli sperret.

Parallelt med henvendelsen til kommunen har jeg dialog med Foss sin advokat i håp om å finne en eller annen helhetlig løsning for alt tullet som har vært mellom de to naboene ned i Kvassnesvegen.

Med hilsen

Kjell-A. Helland
advokat

Fra: Tor Hegle [<mailto:Tor.Hegle@lindas.kommune.no>]

Sendt: 20. juni 2014 14:44

Til: kah@advokatfellesskapet.com

Emne: Svar på førespurnad om møte. Reklamehuset Eiendomsselskap ANS.

Se vedlagte saksdokumenter.